# Retningsliner for næringstilskot

## Ål kommune

Revidert 2011
Vedteke i K-sak 20/11

**<u>Innhald</u>**

**<u>Innhald</u>** .................................................................................. 2
**1. Innleiing** .................................................................................. 3
**2. Fond og andre løyvingar til næringsformål** .................................. 4
**3. Bruk av avkastning, konsesjonsavgifter og fond** .......................... 4
**4. Retningsliner for bruk av midlar frå næringsfondet** ...................... 5
**5. Retningsliner for bruk av midlar frå utviklingsprogrammet** ........... 6
**6. Retningsliner for bruk av midlar frå jordbruksfondet** .................... 6
**7. Retningsliner for bruk av midlar til etablerartilskot** ...................... 8
**8. Fond til profil og omdømmetiltak i Ål.** ............................................ 8
**9. Felles retningsliner** ......................................................................... 9

# 1. Innleiing

## 1.1 Føremål

Føremålet med næringstilskot er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemder i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde. Oppfølging og gjennomføring av tiltak i Strategisk Næringsplan (SNP) skal difor prioriterast.

Næringsutviklinga i Ål kommune er å sjå på som den samla utviklinga i bedriftene i kommunen. For å skape ei positiv næringsutvikling i kommunen, ønskjer Ål kommune aktivt å samarbeide om og stimulera fram prosjekt og tiltak med forankring i eit utviklingsorientert næringsliv, og å fremje samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Dette medfører å støtte dei verksemdene og dei prosjekta som har eit utviklingspotensiale i tråd med målsettingane i programmet og som har evne og vilje til å realisere sitt potensiale.

Det skal etablerast lønsame arbeidsplassar, og verdiskapinga skal aukast ved at Ål og regionen får ein meir robust og breiare næringsstruktur, slik at området kan gi interessant sysselsetting for både kvinner og menn.

Det kan løyvast tilskot til særskilte prosjekt og tiltak der kommunen har ei rolle som initiativtakar, medspelar eller tilretteleggjar i samarbeid med ulike bedrifter og organisasjonar i kommunen og regionen

## 1.2 Visjon

Frå kommuneplanen til Ål kommune:

*Innbyggjarar, næringsliv og kommune skal saman skape eit attraktivt lokalsamfunn med eit rikt og variert kultur- og næringsliv og ein trygg oppvekst og alderdom.*

Frå Ål kommune sin strategiske næringsplan:

*Ål i Hallingdal:*
*Rotekte og framtidsretta*

## 1.3 Mål

Ål kommune skal ha ein klar og avgrensa profil, med auka informasjon til og involvering frå lokalt næringsliv.

Målet med næringstilskot er å styrkje næringsgrunnlaget med:

- Varige og lønnsame arbeidsplassar
- Robust næringsstruktur
- Styrka utviklingsevne i Ål

# 2. Fond og andre løyvingar til næringsformål

**2.1 Næringsfondet**
Avsettinga skal vera øyremerkt tilskot til næringsutvikling (fysiske investeringar). (jfr delmåla i SNP).

**2.2 Utviklingsprogrammet for Ål (tidl. omstillingsprogrammet)**
Avsettinga skal gå til utviklingsprosjekt for næringsutvikling i Ål (mjuke investeringar). Ål kommune vektlegg sysselsettingsverknaden og prioriterar satsingsområda i SNP.

Prosjekta skal ha bakgrunn i næringslivet sine reelle behov eller kommunen sitt behov for å utvikle og leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunen/regionen.

**2.3 Jordbruksfondet**
Avsettinga skal vera øyremerkt tilskot til personar som har landbruk som yrke anten på heiltid eller deltid, og til fellestiltak som har til føremål å fremja landbruket i Ål. (jfr delmåla i SNP).

**2.4 Etablerartilskot**
Dette skal vera øyremerkt tilskot til nyetablerar i Ål. Ål kommune vektlegg sysselsettingsverknaden og prioriterar satsingsområda i SNP.

**2.5 Fond til profil- og omdømmetiltak**
Fondet skal nyttast til tiltak som har positiv verknad for Ål kommune sin profil og omdømme, med særleg vekt på tiltak innan felta kultur, helse og arrangement. Fondet kan nyttast som tilskot etter søknad frå lag og organisasjonar, det private næringsliv og kommunen.

**2.6 Andre fond og løyvingar i Ål kommune**
I tillegg til tilskotsordningane nemnd i 2.1-2.5, finnast det eit kommunalt arrangementsfond og eit kommunalt fiskefond med eigne retningsliner. Kommunen har og løyvingar på års- og langtidsbudsjett til næringstiltak.

# 3. Bruk av avkastning, konsesjonsavgifter og fond.

Kommunestyret bestemmer kvart 4 år - i samband med rullering av SNP for Ål - kor mykje som skal nyttast som tilskot til næringsverksemd.
I perioden 2009-2012 er totalsummen på om lag kr. 5 500 000 i året, som fordelar seg slik:

- Næringsfondet kr. 2 450 000
- Utviklingsprogrammet kr. 1 700 000
- Jordbruksfondet kr. 500 000
- Etablerartilskot kr. 150 000
- Fond til profil- og omdømmetiltak i Ål kr. 700 000

Alle næringar skal i utgangspunktet stillast likt, men sysselsettingseffekten skal vektleggast og satsingsområda i SNP skal prioriterast. Når det gjeld bruk av midlar frå fond for profil og omdømme i Ål skal tiltaket sin pårekna verknad for profil, omdømme og bulyst vektleggast.

Tiltak skal prioriterast slik:
1. Tiltak som gjev auka sysselsetting i eksisterande bedrifter (knoppskyting)
2. Tiltak som gjev auka sysselsetting gjennom nyetableringar (gründerar)
3. Tiltak som sikrar eksisterande arbeidsplassar
4. Tiltak som bidreg til kompetanseheving

Det et ein føresetnad at tiltaket gjev betring i lønsemda for bedrifta.

Tidlegare bruk av konsesjonsavgifter og jordbruksfond er innarbeidd i beløpet på kr. 5 500 000. Beløpet vert justert etter budsjetthandsaminga kvart år.

# 4. Retningsliner for bruk av midlar frå næringsfondet

## 4.1 Søknad

Utarbeidd søknadsskjema skal brukast. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta dei føresetnader som eventuelt tilskot blir gitt på. Tilleggsopplysningar kan gjevast i eige vedlegg. Krav til søknadsinnhald, vedlegg m.v. går fram av søknadsskjemaet.

Det er 4 søknadsfristar i året: 10. januar, 1. april, 30. juni og 1. oktober

I perioden 2011-2012 er næringsfondet årleg på kr. 2 450 000.

## 4.2 Stønadsvilkår.

1. Tilskotet kan utgjere inntil 25 % av kostnadsoverslag, men kan unntaksvis gjevast med opp til 50 % for fellestiltak og prosjekt av særleg betyding for sysselsetting og næringsmangfald.
2. Omsøkt tiltak må til vanleg vise til minst 20 % eigenkapital.
3. Til vanleg må minimum kostnadsoverslag utgjere 4 G (omlag kr. 282 000) for at søknaden blir handsama. Unntak herfrå er mindre prosjekt som vert handsama av ordførar og administrasjon, jfr. underpunkt 7.
4. Tiltak/prosjekt som søkjer om finansiering frå næringsfondet, kan ikkje allereie vera gjennomført før søknaden blir fremja.
5. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsetbare produksjonsmidlar, driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
6. Det bør ikkje gjevast utlån til privat næringsverksemd eller tilskot til sanering av gjeld frå næringsfondet.
7. Næringsstyret/kommunestyret fordelar 90 % av midlane. Resten av midlane kan fordelast av ordførar og rådmann på fleire mindre prosjekt/tiltak i samsvar med målsetjingane i SNP.
8. Ved handsaming av søknader om tilskot frå næringsfondet, skal det og takast omsyn til andre offentleg tilskot (til dømes frå Innovasjon Norge) som vert gjeve/søkt om til føremålet.
9. EØS-reglane - må ivaretakast.
10. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema.
11. Dersom søkjaren gjev feil opplysningar, føresetnadene blir endra, eller bedrifta blir selt/lagt ned/flytta innan tre år etter at tilskotet er utbetalt, kan kommunen krevja pengane attende.
12. Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan tre år blir ført attende til næringsfondet.

### 4.3 Leiing - Delegering - avgjerdsmynde.
Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil kr 70 000.
Næringsstyret avgjer søknader med søknadssum inntil kr. 500 000.
Større søknader blir avgjort av kommunestyret, etter innstilling frå næringsstyret.

## 5. Retningsliner for bruk av midlar frå utviklingsprogrammet

### 5.1 Søknad
Skriftlig søknad med prosjektskildring/plan. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta dei føresetnader som eventuelt tilskot blir gitt på.

Det er 4 søknadsfristar i året: 10. januar, 1. april, 30. juni og 1. oktober

I perioden 2011-2012 er utviklingsprogrammet årleg på kr. 1 700 000.

### 5.2 Stønadsvilkår.
1. Tilskotet kan utgjere inntil 100 % av kostnadsoverslag, men normalt skal det vera minimum 50 % eigenkapital.
2. Det blir ikkje gjeve tilskot til fysiske investeringar, men til utviklingsprosjekt som til dømes planlegging, produkt- og idéutvikling, marknadsanalysar, opplæring/ kompetanseheving i samband med utviklingstiltak.
3. Næringsstyret/kommunestyret fordelar 90 % av midlane. Resten av midlane kan fordelast av ordførar og rådmann på fleire mindre prosjekt/tiltak i samsvar med målsetjingane i strategisk næringsplan.
4. Under sakshandsaminga samrår næringsstyret seg med Innovasjon Norge og Buskerud Fylkeskommune som sit som rådgjevarar i næringsstyret.
5. EØS-reglane - må ivaretakast.
6. Tilskot vert elles gjeve på vilkår av at søkjaren nyttar prosjektorganisering som PLP-metodikken[1] eller andre metodar i gjennomføringa av prosjektet det vert gjeve tilskot til.
7. Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan 3 år blir ført attende til næringsfondet.

### 5.3 Leiing - Delegering - avgjerdsmynde.
Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil kr 70 000.
Næringsstyret avgjer søknader med søknadssum inntil kr. 500 000.
Større søknader blir avgjort av kommunestyret, etter innstilling frå næringsstyret.

## 6. Retningsliner for bruk av midlar frå jordbruksfondet

### 6.1 Føremål
Føremålet med fondet er å oppretthalde og helst auke talet på gardsbruk i drift, samt å fremje eit godt landbruksmiljø.

[1] PLP-metodikken er Innovasjon Norge sitt prosjektstyringsverkty. PLP står for prosjektleiarprosessen. Meir om dette på Innovasjon Norge sin nettstad, http://www.innovasjonnorge.no/

**6.2 Søknad**
Utarbeidd søknadsskjema skal brukast. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta dei føresetnader som eventuelt tilskot blir gjeve på. Tilleggsopplysningar kan gjevast i eige vedlegg. Krav til søknadsinnhald, vedlegg m.v. går fram av søknadsskjemaet.

Det er 2 søknadsfristar i året: 1. april og 1. oktober.

I perioden 2009-2012 er jordbruksfondet årleg på kr. 500 000.

**6.3 Døme på tiltak det kan gjevast tilskot til**
- Mindre ombygging av driftsbygningar
- Nydyrking, grøfting, profilering
- Høytørke og vatningsanlegg
- Vasskjelder på gardsbruk og stølar knytt til mjølkeproduksjon
- Tiltak knytt til stølsdrift
- HMS-tiltak.

**6.4 Stønadsvilkår.**
1. For ombygging eller tilbygg på driftsbygningar, samt for nye driftsbygningar, vil kostnadsoverslag over 4G kunne handsamast etter reglane for næringsfondet.
2. Tilskotet kan utgjere inntil 25 % av kostnadsoverslag, men kan unntaksvis gjevast med inntil 50 % for fellestiltak og prosjekt av særleg betyding for sysselsetting og næringsmangfald.
3. Til vanleg må minimum kostnadsoverslag utgjere 1 G (omlag 70 000 kroner) for at søknaden blir handsama.
4. Maksimalt stønadsbeløp frå jordbruksfondet er 80 000 kroner.
5. Omsøkt tiltak må vanlegvis vise til minst 20 % eigenkapital.
6. Unnatak er tilskot til nydyrking etter godkjend dyrkingsplan, der det kan løyvast eit tilskot på kr. 3 000 pr. daa uavhengig av totalkostnad. Minsteareal for å søkje tilskot er 3 daa.
7. Søknad til jordbruksfondet skal, som hovudregel, vera fremja før tiltaket blir sett i gang.
8. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
9. Under sakshandsaminga kan kommunen samrå seg med Innovasjon Norge eller andre offentlege finanskjelder.
10. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema.
11. Dersom søkjaren gjev feil opplysningar, føresetnadene blir endra, eller garden blir selt/lagt ned innan tre år etter at tilskotet er utbetalt, kan kommunen krevja pengane attende.
12. Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan tre år blir ført attende til jordbruksfondet.
13. Når tiltak i landbruket kjem inn under stønadsordningane i Innovasjon Norge eller SMIL-midlar (særskilte miljøtiltak i jordbruket), vil søkjar kunne få inntil 10 % av godkjent kostnadsoverslag i tillegg til løyving derifrå.

**6.5 Leiing - Delegering - Avgjerdsmynde**
Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil 70 000 kroner.
Større søknader blir avgjort av næringsstyret.

# 7. Retningsliner for bruk av midlar til etablerartilskot

**7.1 Søknad**
Utarbeidd søknadsskjema skal brukast. Ved underskrift på dette bind søkjaren seg til å godta dei føresetnader som eventuelt tilskot blir gitt på. Tilleggsopplysningar kan gjevast i eige vedlegg.
Det er ingen søknadsfristar for etablerartilskot.

I perioden 2009-2012 er sum avsett til etablerartilskot, årleg på kr. 150 000.

**7.2 Stønadsvilkår.**
1. Tilskotet kan utgjere inntil 25 % av kostnadsoverslag, men kan unntaksvis gjevast med opp til 50 % for fellestiltak og prosjekt av særleg betyding for sysselsetting og næringsmangfald.
2. Omsøkt tiltak må til vanleg vise til minst 20 % eigenkapital.
3. Tiltak/prosjekt som søkjer om etablerartilskot, kan ikkje allereie vera gjennomført før søknaden blir fremja.
4. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsetbare produksjonsmidlar, driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
5. Det bør ikkje gjevast utlån til privat næringsverksemd eller tilskot til sanering av gjeld frå næringsfondet.
6. Rådmannen fordelar 100 % av midlane (kr. 150 000).
7. Under sakshandsaminga samrår kommunen seg med Hallingdal Etablerarsenter
8. EØS-reglane - må ivaretakast.
9. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema.
10. Dersom søkjaren gjev feil opplysningar, føresetnadene blir endra, eller bedrifta blir selt/lagt ned/flytta innan tre år etter at tilskotet er utbetalt, kan kommunen krevja pengane attende.
11. Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan tre år blir ført attende til næringsfondet.

**Leiing - Delegering - avgjerdsmynde.**
Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil 70 000 kroner.
Større søknader blir avgjort av næringsstyret.

# 8. Fond til profil- og omdømmetiltak i Ål

I planen "Profil og omdømme for Ål kommune 2010 - 2030" er det vedteke at det berande omgrepet skal vere:

**Kulturkommunen Ål**

- Kultur
- Helse

Ansvaret for koordinering og utvikling av profil- og omdømmearbeidet ligg hjå formannskapet politisk og rådmannen administrativt. Ål Utvikling, Ål kulturhus og kultursjefen er sentrale aktørar i arbeidet.

**8.1 Søknad**
Utarbeidd søknadsskjema skal brukast, og det skal søkjast på lik linje som dei andre tilskotsordningane.

Det er ingen søknadsfristar for søknad om tilskot til profil og omdømme.

I perioden 2009-2012 er sum avsett til profil- og omdømmetiltak, årleg på kr. 700 000.

**8.2 Stønadsvilkår.**
Tilskotet kan utgjere inntil 50 % av kostnadsoverslag, men kan unntaksvis gjevast med opp til 70 % for fellestiltak og prosjekt av særleg betyding for bulyst, profil og omdømme for lokalsamfunnet Ål.

1. Tiltak/prosjekt som søkjer om tilskot, kan ikkje allereie vera gjennomført før søknaden blir fremja.
2. Det blir ikkje gjeve tilskot til investering i lett omsettelege produksjonsmidlar, driftsmidlar eller næringsbygg til utleigeverksemd.
3. Søkjaren skal nytte kommunen sitt søknadsskjema.
4. Dersom søkjaren gjev feil opplysningar eller føresetnadene blir endra kan kommunen krevja pengane attende.
5. Løyvd tilskot som ikkje blir nytta innan tre år blir ført attende til næringsfondet.

**Leiing - Delegering - avgjerdsmynde.**
Rådmannen avgjer søknader med søknadssum inntil 70 000 kroner.
Større søknader blir avgjort av næringsstyret/kommunestyret.

# 9. Felles retningsliner

**Leiing - Delegering - avgjerdsmynde.**
Kommunestyret oppnevner næringsstyret, som har fem medlemmer.
Næringsstyret avgjer søknader med søknadssum inntil kr. 500 000.
Større søknader blir avgjort av kommunestyret, etter innstilling frå næringsstyret.

Næringsstyret består av 2 politikarar og 3 representantar frå næringslivet. Dei tre frå næringslivet skal ha kompetanse innan handel/service, handverk/industri og landbruk. Eit mindretal på 2 kan anke avgjersle i næringsstyret inn for klageorgan (formannskapet).

Næringskonsulenten er sekretær og sakshandsamar i alle tilskotssaker
Næringskonsulenten samrår seg med jordbruksforvaltar i alle saker som vedrører jordbruket i Ål.

**Utbetaling av tilskot**

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden.
- Fyrste halvpart av tilskotet kan utbetalast når prosjektkostnadane er komen opp i ca. halvparten av dei budsjetterte kostnadane. Siste halvpart av tilskotet vert utbetalt når prosjektet er fullført og kostnadane kan dokumenterast. Rådmannen/sakshandsamar tek stilling til kva dokumentasjon som skal godkjennast i kvart tilfelle før siste utbetaling.
- *Tilskotsmottakar skal ved sluttutbetaling melde attende nytteverdi av tilskotet i eigen verksemd. Dette gjerast i form av ein spørjeundersøking.*

**Misleghald**

Ål kommune kan krevja at utbetalt tilskot vert attendebetalt heilt eller delvis dersom tilskotsprosjektet vert overdrege til andre, flytta, nedlagt eller på annan måte vesentleg endra, slik at det opphavlege grunnlaget for tilskot fell bort. Slik attendebetaling kan skje inntil *3 år* etter at tilskotet er gitt.

**Ubrukte midlar.**

Kommunestyret avgjer om ubrukte midlar eit år skal tilleggast urørleg grunnkapital – eller nyttast seinare år.

**Klage**

Det er mogleg å påklage vedtak gjort av rådmannen eller næringsstyret. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt søker mottar melding om vedtaket. Klagen må fremjast skriftleg, og må nemne det vedtak det blir klaga over. Samtidig bør ein nemne dei grunnane klagen støtter seg til. Klaga blir fremja for det organ som har fatta vedtaket. Dersom vedtaket blir opprettheldt, skal klagen oversendes klageorganet for vidare handsaming.

Klageorgan er formannskapet i Ål kommune.

**Revidering**

Kommunestyret er fondsstyre, og skal årleg gjennomføre evaluering på bruk av næringstilskot og arbeidet i næringsstyret.

Revidering av retningslinene blir gjort i samband med rullering av strategisk næringsplan for Ål.

Desse reviderte retningslinene er vedtekne av Ål kommunestyre i møte 14.04.11